

Linda og Emil Herredsvela eig og driv hennar heimegard på Fuglestad på Brusand i Hå kommune på Jæren. Barna er Ingrid Linnea (14), Eiril Andrea (5) og Olaus (2). Linda har halv stilling i barnehage i tillegg. Familien driv med mjølkeproduksjon,

kvigeoppdrett og sau. Kufjøset var nytt i 2014. Mjølkekvoten er 350.000 liter. Talet på vinterføra sauer av NKS og Dorset er 110. Samla disponibelt areal til fôrproduksjon og beite er kring 700 dekar. 440 dekar, eigd og leigd, er dyrka.



Husdyrgjødsel: Emil Herredsvela har plass til 1400 kubikkmeter gjødsel i kummen under fjøset. I staden for iblanding av vatn tilfører han kjemikalier i gjødsla gjennom vinteren for å få ein tynnflytande homogen masse som eignar seg til slangespreiing.

Sparer tid med slangespreiing

Emil Herredsvela har mange jern i elden og må vera effektiv. Det er berre ein av mange grunnar til at han brukar slangespreiar til gjødslinga.

BV Sjur Håland

Bonden pumpar husdyrgjødsel frå hovudlageret på 1400 kubikkmeter under fjøset over til fleire andre lager han leiger i nærleiken. I tillegg har han bygd eit eige lager på eine myra på eignedomen. Emil har etter kvart 140 dekar spreieareal til overs. Det betyr at nabobønder fyller opp gjødsel i dei lagerna han ikkje når med slange frå hovudbruket. Entreprenøren, Per Jarle Kvalbein, stiller med utstyret som trengs, mellom anna 1000 meter med slanger.

– Kapasiteten er enorm. Me flyttar store mengder husdyrgjødsel på kort tid, seier Emil.

Erstatter vasstilsetjing

I staden for å blanda i ekstra vatn, eller vrakmjølk frå meieriet, i gjødsellageret for å få tynn nok blanding, brukte Emil siste vinteren middelet Penergetic i omrøringskanalane under spaltene for å tynna ut gjødsla. Felleskjøpet Rogaland Agder har testa ut stoffet på fleire bruk før det no kjem i ordinært sal. Det finst allereie ulike middel frå andre forhandlarar i handelen som skal gi liknande effekt. Penergetic har melasse og kalk som hovudingrediensar og skal etter jamleg tilsetjing gjennom vinteren få gang på

bakterieveksten og gi ein tynnflytande homogen masse i gjødsellageret.

– Det fungerte etter oppskrifta hjå meg. Konsistensen endra seg og gjødsla danna ikkje kåpe på toppen. Einaste ulempa var at det kom litt skum over spaltene ei tid, men det roa seg fort, fortel Emil.

Under spreieing var det mindre lukt enn vanleg, og gjødselkonsistensen var, i følgje Emil, velegna for stripespreiing.

– Med slangespreieutstyret doserte me fem tonn på målet i vår, heilt utan vassblanding. Gjødsla virka meir «roten» og flaut godt ut mellom stripene.

«Eg vil heller ha kviger, og dei skal vera avkom etter gode "robotoksar".»

EMIL HERREDSVELA

– *Kvifor har du valt slangespreiing?*

– Våren er travel. Slangespreiing er svært effektivt. Eg rullar ut slangar medan entreprenøren kjører slangespreiarer med traktor utstyrt med tvillinghjul. Dermed blir jobben gjort på få timar, medan viktigaste bonusen er minimal jordpakking.

NKS og Dorset

Landskapet er kupert og jordene på Fuglestad på Brusand i Hå er mindre i areal enn det som er mest vanleg på Flat-Jæren. Transportetappene blir dermed gjerne større. Emil Herredsvela kjem trillande inn i tunet med traktor og dyretransportkasse. Han har vore på Sandve, på ein av gardane han leiger, og gjort klar til å henta heim dei siste 25 lamma som skal leverast til slakteriet denne hausten. Besetninga består av 80 vinterfôra NKS og 30 vinterfôra Dorset.

– Og så har ungane kvar sin sau av rasen Svartfjes, presiserer Emil, og synar veg inn til kjøkkenet der også svigerfar, Jarl Nord-Varhaug, sluttar seg til rundt bordet.

– Det er han som steller sauene når han ikkje er på arbeid som inseminør, understrekar Emil.

Kring halvparten av Dorset-sauene lemmar i januar. Kjøtet frå desse lamma er eit nisjeprodukt som blir levert til restaurantmarknaden. Andre halvparten av Dorset-søyene lemmar samstundes med NKS-sauene, i mars, april.

– Lemminga skal vera ferdig til første mai. Då vil me ikkje tenkja på anna enn våronna.

Talet på slaktelam vart noko lågare enn vanleg i år.

– Me var uheldige og fekk ein del kasting i vår. Årsaka er ukjent, men det kan ha samband med kvaliteten på vinterfôret etter den elendige regnsommaren

i fjor. Eg er med i verering, det var også nokre av verane våre som synte seg å ikkje fungera, det kan kanskje også skuldast fôret, seier bonden.

Kjønnsseparert

Kufjøset på 750 kvadratmeter var nytt i 2014. Investeringa på drygt 6 millionar kroner er verdt kvar krone, i følgje Emil. Her er det plass til 52 kyr pluss kviger. Ein del av den gamle driftsbygningen er kopla til nybygget og gir plass til sjuke/kalvingsbingar og ei god småkalvavdeling. Mjølkeknoten er 170.000 liter eigd pluss 180.000 liter leigd. Ytinga ligg kring 9000 kilo EKM. Han brukar 26 kilo kraftfôr per 100 kilo mjølk.

– Nett no er snittytinga 34 kilo. Det tydar på at innhaldet i grovfôret dette året er noko heilt anna enn fjoråret. Dessutan går dyra framleis på beite. Men no er beitesesongen på hell.

Oksekalvane blir selde fire dagar gamle til ein kjøtprodusent i distriktet. Oksane er elles i fåtal. Emil brukar kjønnsseparert sæd til kyrne.

– For å få mest mogleg kviger. Oksar herjar med innreiinga. Eg vil heller ha kviger, og dei skal vera avkom etter gode «ro-

botoksar». Kvigene som ikkje blir rekruttert til eigen mjølkeproduksjon, blir selde.

Pumper dreneringsvatn

Garden disponerer kring 700 dekar to-talt. Då er haug og hammar inkludert. Til garden høyrer 100 dekar dyrka. Han leiger i tillegg 340 dekar dyrka mark innfor ein radius på tre kilometer frå tunet. Her er alle typar jord. Frå grushaldig lett jord til krevjande myrar. Enkelte område ligg så lågt at dreneringsvatnet må pumpest over i åa. Heile fire pumper er i drift til dette føremålet. I sommar kunne han stenga pumpene og såleis få høgare vasstand.

– Det var dei områda som gav best avling då tørkesommaren var på sitt verste, summerer han.

Kona, Linda, arbeider halv stilling i ein barnehage. Ho er engasjert i drifta og er med i fjøset ved behov. Behovet kan fort melda seg. Emil har sterk rygg og har klipt sauer i ei årrekkje.

– Det begynte før bondekarrieren tok til. Eg køyrde lastebil i mange år og hadde behov for fysisk aktivitet i tillegg. Sidan då har eg halde på dei gamle kundane.



Fjøset: Kyr, kviger og røktarar har det godt i fjøset på 750 kvadratmeter som var nytt i 2014.



Slange: Slangespreiing av husdyrgjødsel er arbeidssparande og reduserer faren for jordpakking. Emil Herredsvela bruker metoden på mesteparten av arealet han disponerer. Nokre få plassar må han bruke gjødselvogna for å koma til. Illustrasjonsfoto: Agromiljø AS.

Gjetarhundar

Emil er aktiv i gjetarhundmiljøet. Det er det tradisjon for på bruket.

– Det var ein påtvungen aktivitet, som følgde med garden, flirar han, og kikkar bort på svigerfaren.

Hundane har fleire oppgåver enn å gjeta sauer. Å ha topp treina hundar gjer arbeidet med å jaga kyr og kviger til og frå dei ulike beita langs offentleg veg langt enklare. Tevlingane er høgtidsdagar, og, sjølv om dei på Fuglestad har sine sauer på beita heime, var han og eine hunden tidlegare i haust med på

sanking i Fidjeldsheimen.

– Korleis har sommaren vore?

– God. Det er mykje betre med tørke enn for mykje regn. Me har rett nok mindre vinterfôr enn vanleg, det kompenserer me med kraftfôr, seier han.

No kikkar han opp mot skydekke og ventar på oppløst slik at resten av tredjelslått, vel 100 dekar, kan bergast i hus.

– Vêret var bra for ei tid sidan. Eg valde å venta for å få enda meir volum. Det nyttar lite å trega eller å verta oppjaga. Me får ta det som det kjem, seier Emil Herredsvela.

Sjølvmelding

Mest nøgd med: Heilt klart det nye fjøset. Det er luftig, enkelt og triveleg for folk og dyr.

Kunne gjort annleis: Hm, ikkje som eg kjem på nett no. Det går helst godt. Me kunne forresten hatt meir plass til kvigene.

Tips til andre: Om me skal halda oss til temaet slangespreiing, vil eg seia at metoden har kome for å bli og kan anbefalast. Det blir mindre jordpakking og spart arbeidstid.

Slangespreiing er framtidsretta

– Stadig større del av husdyrgjødsel kjem til å bli spreidd med slangespreiarutstyr i åra som kjem, meiner seniorrådgjevar hjå Norsk Landbruksrådgiving i Rogaland, Ragnvald Gramstad.

Hovudargumenta hans for påstanden er jamnare fordeling og betre utnytting av husdyrgjødsel, redusert jordpakking og ei meir langvarig eng, ikkje minst dersom ein kombinerer gjødselspreiinga med vedlikehaldssåing/våtsåing.

– Dessutan blir det gitt offentleg tilskot for miljøvenleg spreieing av husdyrgjødsel. Kapasiteten på utstyret er også eit viktig moment. Ved å leige tenestane hjå entreprenør eller å samarbeide om arbeid og kostnadsdeling med naboen får du fristilt tid til andre oppgåver.

Gramstad meiner at arrondering og små skifte ikkje bør stoppa utviklinga.

– Utnytting av tomme gjødsellager, mobile mellomlager og pumping av lort over lengre avstandar er fullt mogleg. Her sparar du mykje tid, dekk og diesel.

Gjødsel bør ikkje innehalda meir enn tre-fire prosent tørrstoff for å fungera i eit slangespreiaropplegg. Det betyr vassinnblanding.

– Vatn er ein fordel i høve nitrogenutnytting, nedsiging i jorda og sparte utgifter til kunstgjødsel.

Han omtalar innblanding av kjemikalier der det er mindre aktuelt å blanda i vatn som spanande, men understrekar at om bonden har gratis vatn og nok lager til vassblanding, vil det vera enklaste og gjerne beste alternativet.



Ragnvald Gramstad

– Enkelte kjemikalier har ein fortynnande effekt samstundes med at «limet» i lorten til ein viss grad blir fjerna. Også middelet som er brukt hjå Emil Herredsvela ser ut til å tilføra eit limfjernande og fortynnande bakterieliv i gjødsel, noko som gjer det fullt mogleg å pumpe og spreie med slangespreiar også utan å blanda inn vatn.